

Referat frå FAU møte onsdag 26.10.22, kl. 18.30-20.00

Styret møtte kl. 18

Stad: personalkantina

Alle klassane var representert utanom 2. og 7. klasse.

Sak 1.

Samarbeidsmøte med SFO leiinga er fastsatt til onsdag 2. nov., innkomne saker; skjermbruk

Sak 2.

Helsesjukepleiar-dekning på skulen, spesielt spørsmål omkring lågterskeltilbodet «open dør». Pga sjukdom/sjukemeldingar har det vore mest lovpålagde oppgåver som har vore utført. FAU-styret vil invitere helsesjukepleiar til SMU (skulemiljøutval) møte samt orientere politisk representant på SU-møte 3/11 om bekymringa FAU har for ev. manglande tilbod.

Sak 3.

Orientering frå KFU-møte forrige veke. Der vart det blant anna orientert om store byggesaker rundt i kommunen, skulebygg og uteområder, kjøp av Hafstad til ungdomsskule? I tillegg arbeidet som kjem med å få alle skulane i kommunen meir «like». Vidare viser tal det vert eit stort fall i elevtal (360) dei komande åra spesielt i Førde sentrum.

På møtet vart det valt nestleiar og sekretær men ingen ville ta på seg rolla som leiar, er det nokon som har lyst å vere leiar i foreldreutvalet for heile kommunen er dei velkomne til å melde seg. Fullstendig referat frå møtet vert lagt på Sunnfjord kommune si side.

Sak 4.

Orientering frå elevrådsmøte 5.-7. klasse

Caps/hette i timane

Dette har vore eit ønskje og vore tatt opp ved fleire høve tidlegare. Rektor meiner elevrådet har arbeidd godt med argument for og mot, og dette syner at dei har arbeidd godt gjennom saka. Rektor foreslår ein kan gjennomføre ein prøveperiode, og erfarer korleis ei slik ordning kan fungere. Det skal sjølvstendig vere innanfor det som står i ordensreglementet til kommunen om at det ikkje er akseptert «å bruke plagg som heilt er delevis dekket til ansiktet».

Elevrådet har kome fram til at ein prøveperiode varer 24. okt – 18. nov., dei har laga reglar som dei skal følgje i perioden. For meir info sjå referat på heimesida til skulen.

Skulemjølkordninga skal halde fram slik den er i dag.

Elles har elevrådet meldt inn ein del saker / oppdrag til vaktmeister Johan, som går på temperatur i dusj, «kran» under vask i garderoben, her oppfordra han elevane til å ikkje skru på denne. Nye dukar i trampolinene og vingleputene er ordna, også lys på toalett er meldt inn. FAU gjev tilbakemelding det er flott elevane tek ansvar og melder inn saker og er glade for skulen har ein vaktmeister som spelar på lag med elevane og i samarbeid ordnar opp viktige ting for å betre trivselen.

Klasseballar

Innmeldt sak om skulen kan kjøpe inn ballar til klassane 5.-7., elevrådet har kome med forslag korleis dei skal merke desse og passe på at ballane vert tatt vare på.

Sak 4.

Heim-skule-samarbeid

Fleire klassar har hatt spelekveidar i elevkantina, godt oppmøte og god stemning, kan absolutt anbefalast. Vidare er det fleire klassar som vil arrangere Halloween-treff.

Sak 5.

Helseveka (v 6)

I forbindelse med helseveka er det stemning i FAU å vere med å arrangere felles foreldremøte. Skulen vurderer tema «på tvers av generasjonar» og dette synst FAU er interessant og viktig i den tida vi er i, dra nytte av venner /familie og kjente i alle aldrar i kvardagen. FAU ønskjer ein idedugnad blant foreldre, gode innspel til innhald, vi kjem tilbake etter kvart med informasjon.

Sak 6.

Trygg skuleveg og utfordringa med av-/påstigning ved inngang skule, saka med å få på plass «stopp forbudt-skilt». Som tidlegare nemnt har Vegvesenet stoppa saka, grunngjevinga fekk FAU først forrige veke; skiltinga er ikkje er i tråd med gjeldande skiltnorm. FAU drøfta igjen saka og det vart bestemt FAU sender brev til kommunen om at saka skal følgjast opp av kommunen.

Sak 7.

Ungdomssteget / 10. klasse har ønske å gå på butikken i matfriminutt. Rektor ønska dette vart lufta i FAU og det vart ei god drøfting rundt dette.

FAU synast ungdomssteget har skrive ein god søknad med gode argument, men FAU er uroa for kva som blir kjøpt (usunt/energidrikk), kan det føre til eit kjøpepress? Handle til andre elevar? Kjem elevane seg tilbake til rett tid? FAU skulle gjerne heia dette fram, men det er for mange usikre moment, og bekymra for det vil skape negative omstender. Er det heller mogleg å fornye/kjøpe inn/ lage noko elevane likar og selje i kantina?

Sak 8.

Eventuelt:

Spørsmål om busskortet: FAU vil spørje administrasjonen om det kan bli lagt ut informasjon på heimesida om reglar for skysskort (tidlegare verdikort).

Spørsmål om skulen har sendt innspel til traséval til tunnel rv 5. er trygg skulevei tatt med i planlegginga? Spørsmålet vert følgt opp.

Neste FAU møte 07. des.

Referent

Annlaug Birkeland

